

Raudhette

Det var ein gong ei søt lita jente som alle blei glade i berre dei såg henne. Men den som var aller gladast i henne, var nok bestemora, ho visste ikkje kva godt ho skulle gjere for barnebarnet sitt.

Ein gong gav ho henne ei hette av raud fløyel, og fordi ho kledde henne så godt at ho ikkje ville ha noko anna på hovudet, kalla dei henne Raudhette.

Så ein dag sa mora hennar: «Kom hit, Raudhette, her har du eit stykke kake og ei flaske vin som du skal ta med deg til bestemor. Ho er svak og sjuk, og dette vil gi henne styrke. Fort deg av garde før det blir for varmt, og hald deg pent på stien heile vegen, elles fell du og knuser flaska, og då blir det ingen vin til bestemor.

Og når du kjem til huset hennar, skal du seie «god morgon» med det same, ikkje berre bli ståande og glo i alle krikar og krokar.»

«Eg skal nok gjere alt du seier,» lova Raudhette, og tok henne i handa på det.

Bestemor budde langt inne i skogen, ein halv time frå landsbyen, og rett som det var, møtte Raudhette ulven. Men sidan ho ikkje visste kor farleg han var, blei ho ikkje redd.

Bilete finnast i trykt versjon

«God dag, ulv,» sa Raudhette.

«Kvar skal du hen så tidleg?»

«Til bestemor.»

«Og kva har du i korga?»

«Kake og vin. Vi bakte i går, og dette vil gjere bestemor godt, sjuk og svak som ho er.»

«Kvar ligg huset til bestemor, Raudhette?»

«Eit stykke vidare inn i skogen, under dei store eiketrea, inne i hasselkjerret, veit du ikkje det?» sa Raudhette.

Ulven tenkte: «Det der er jammen ein riktig lekkerbiskjen. Ho smaker nok betre enn den gamle. Men er eg lur nok, får eg dei begge to.»

Han gjekk ved sida av Raudhette ei lita stund, så sa han:

«Raudhette, sjå dei vakre blomane som veks omkring deg. Kvifor ser du deg ikkje rundt? Eg trur ikkje eingong du legg merke til kor vedunderleg fuglane syng. Du går jo berre rett fram, som om du var på veg til skulen, endå så fint det er her i skogen.»

Raudhette såg seg rundt, og oppdaga korleis solstrålane dansa mellom trea. Ho kikka på alle blomane, og tenkte:

«Eg vil plukke ein bukett til bestemor, det vil også gle henne. Det er jo så tidleg enno, eg rekk det nok.» Ho sprang vekk frå stien og inn mellom trea for å finne dei penaste blomane. Men kvar gong ho plukka ein, syntest ho at han som stod bortanfor var endå penare, og så sprang ho bort til han, og på denne måten kom ho stadig djupare inn i skogen.

Men ulven gjekk strake vegen til bestemorhuset og banka på døra.

«Kven er det?» spurde bestemor.

«Raudhette,» svarte ulven. «Eg har med meg kake og vin. Lukk opp!»

«Berre trykk ned klinka,» ropte bestemor. «Eg er for svak til å stå opp.»

hasselkjerret:
tett samling av
buskar

lekkerbiskjen:
noko fristande

klinka:
dørhandtaket

Ulven trykte ned klinka, døra gjekk opp, og utan eit ord lista han seg bort til senga og slukte heile bestemora. Så tok han på seg kleda hennar, sette natthua på hovudet, la seg i senga og trekte forhenget for.

Då Raudhette hadde plukka så mange blomar ho greidde å halde, kom ho til å tenkje på bestemor, så ho gjekk tilbake til stien og heldt fram på vegen til huset hennar.

Ho blei forbausa over at døra var open, og idet ho gjekk inn i stova, syntest ho det var så merkeleg der inne at ho tenkte: «Kvifor føler eg meg så uroleg, eg liker meg då så godt hos bestemor?»

Ho ropte «god morgon» utan å få noko svar, gjekk bort til senga og drog forhenget vekk. Då såg ho bestemor som låg der med natthua langt ned i ansiktet og såg merkverdig ut.

«Så store øyro du har, bestemor,» sa Raudhette.

«Det er fordi eg skal kunne høyre deg betre,» svarte ulven.

«Så store augo du har, bestemor,» sa Raudhette.

Bilete finnast i trykt versjon

«Det er fordi eg skal kunne sjå deg betre,» svarte ulven.

«Så store hender du har, bestemor,» sa Raudhette.

«Det er fordi eg skal kunne klemme deg betre,» svarte ulven.

«Så stor munn du har, bestemor,» sa Raudhette.

«Det er fordi eg skal kunne ete deg betre,» svarte ulven. Og ikkje før hadde han sagt det, så hoppa han ut av senga og slukte stakkars Raudhette i eit einaste jafs!

Stappmett som han var, la han seg under dyna igjen, og begynte å snorke.

Då kom det ein jeger forbi, og han tenkte: «Fælt som den gamle kona snorkar. Best å sjå etter om det er noko i veggen.» Han gjekk inn i huset, og då han fekk auge på ulven i senga, sa han:

«Jaså, det er der du ligg, din slyngel. Deg har eg vore ute etter lenge.»

Han hadde akkurat lagt børsa til kinnet, då han kom til å tenkje på at ulven kanskje hadde ete bestemor, og at ho enno kunne reddast.

Derfor tok han fram ein kniv i staden, han ville skjere opp magen på den sovande ulven. Etter eit par kutt såg han det lyste i ei raud hette, og like etter hoppa Raudhette ut og ropte:

«Å, så redd eg blei. Jammen var det mørkt i magen på ulven!»

Så var turen kommen til gamle bestemor. Ho var levande, ho også, men det var så vidt ho orka å puste.

No forta Raudhette seg for å hente nokre store steinar som dei stappa inn i ulvemagen, og då ulven vakna og ville springe vekk, sakk han saman fordi han var blitt så tung, og døydde.

Då var dei glade og nøgde alle tre. Jegeren flådde ulven og tok pelsen med seg heim, bestemor åt kake og drakk vin, og Raudhette tenkte med seg sjølv: «Aldri i livet om eg skal springe vekk frå stien meir og inn mellom trea, når mamma har sagt at eg ikkje får lov.»

Frå Grimms eventyr